



DEN NORSKE KYRKJA.

Kyrkjebø sokneråd.

Kyrkjebø, 21.05.2026.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 21.05.2026.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Andreas Elster, Kari Henny Dale, Jofrid Nordstrand Forthun, Jens Ole Årdal, Ole Ivar Luggenes og Arvid Solås.

Forfall: Sjur Håvard Øygard.

Kopi av protokollen går til:

Medlemane i KSR, Kyrkjeverja og postmottak v. Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjenning av referat frå møte 19.02.26. og fellesmøter den 18.03.26 og 28.04.26.

Sidan sist.

Postlista.

Presten har ordet.

Vedtaksaker.

Meldingssaker.

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Nokon hadde ikkje fått tilsendt referat frå fellesmøte med Høyanger sokneråd den 18.03.26. og leiar gjekk igjennom referatet frå dette møtet.

Elles ingen merknadar.

Sidan sist:

Runde rundt bordet, der nokon hadde delteke på gudsteneste ved Alværa, med minikonfirmantane og frå sermoni der ein elev hadde konfirmert seg på skulen.

Postlista:

Leiar gjekk igjennom postlista sidan sist.

I hovudsak vanleg korrespondanse mellom rådsmedlemer og tilsette.

Informasjon om leirtilbod og tilbod om deltaking på digitalt samråd.

Melding frå Altinn om endringar for kyrkjebø sokn og offersøknad m.m.

Leiar las opp e-post frå diakon I.C.Fitje, der saka gjaldt eit ynskje om felles uttale jmf. sak 008/26, som gjeld høyring- rammeplaner for kyrkjeleg undervisning og læring.

Presten har ordet:

Presten tok utgangspunkt i påskeforteljinga (Johannes) og fortalte vidare om korleis tida og handlingane frå påske til pinse, med den heilage ande, heng saman.

Vedtaksaker:

Sak 006/26: gudstenesteplan for 2. halvår 2026.

Gudstenesteplan har tidlegare vore drøfta på felles soknerådsmøte på Alværa den 28.04.26. og rammene vart lagde der. Medlemene har fått denne tilsendt gjennom e-post.

Framlegg til vedtak:

Gudstenesteplan for 2. halvår vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak: Samrøystes.

Sak 007/26: Tilskot til born frå soknet, som deltek på leir ved Alværa.

Leiar gjorde greie for saka og praksisen dei andre sokna i kommunen har, vedrørende det å gje eit lite økonomisk tilskot for dei borna som deltek på leirar ved Alværa. Saka vart diskutert blandt rådsmedlemene og moment som kom fram, var at det er viktig å stimulere born til å delta på leir og at det er bra med ei ordning som er mest mogeleg lik for heile kommunen.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjebø sokn yter frå dags dato tilskot på kr. 300.- til born og ungdom frå vårt sokn som deltek på leir ved Alværa. Tilskotet vert utbetalt i ettertid, når deltakinga er stadfesta av leiinga på Alværa.

Vedtak: Samrøystes.

Sak 008/26: Høyring-rammeplaner for kyrkjeleg undervisning og læring.

Kyrkjerådet har sendt nemde planar på høyring til alle sokn, med høyringsfrist 15.sept. Kyrkjeleg undervisning og læring (tidlegare trusopplæring) er eit sentralt soknerådsansvar og vedkjem såleis sokna i stor grad. Dokumentet er å finne på Altin og søkbart på nett. Saka vart diskutert blandt rådsmedlemene og etterkvart danna det seg ei oppfatning om at det i denne saka er ynskjeleg med ei felles uttale for alle sokna i kommunen.

Framlegg til vedtak: Kyrkjebø sokneråd går inn for å utarbeide ei felles uttale frå alle sokna i kommunen. Rådsleiaren møter frå vårt sokn i ei felles nemd, som får i oppdrag å utforme eit svar innan høyringsfristen den 15. september. Soknepresten bør også vere med i nemda.

Vedtak:

Samrøystes.

Meldingssaker:

26005: Årshjulet.

Åjourført årshjul førelåg medlemene før møtet. Medlemene gjekk igjennom dette. Det skal ringast med kyrkjeklokker på pinsafta kl. 17.00 og Sturla sa seg villig til dette ved Kyrkjebø kyrkje. Ved Vadheim bedehusapell, syter Irene for å ringe.

2.pinsdag vil det bli utført konfirmasjon under friluftsgudstenesta i Måren. Kyrkjekaffi er annonsert og ein vil freiste å få dette til, utan å forstyrre konfirmasjonen. Sturla og Irene samarbeider om å bringe med kaffi, krus og kjeks.

Den 11.06 vil kulturskulen ha opptrednad i kyrkja. Jofrid vil vere kyrkjevert då.

Den 17.06 vil det bli opa kyrkje med Irene og Finn, der Jens-Ole vil vere kyrkjevert.

Ved gudstenesta den 05.07, vil Sturla vere kyrkjevert.

Den 26.07. er det gudsteneste ved Alværa og sidan friluftsgudstenesta ved Vadheimstøl i år utgår, kan dette vere eit godt alternativ.

Ein planlegg opa kyrkje den 12.08. der ein vil undersøke om nokon kan opptre. Når dette er avklart, vil ein finne kyrkjevert.

Den 16.08. blir det gudsteneste, der konfirmantane er med og Kari vil vere kyrkjevert då.

26006: Fasteaksjon.

Leiar gjorde greie for dei innsamla summane. For heile kommunen kom det inn kr. 70701.- og for vårt sokn kom det inn kr. 23867.- Tala er også å finne på KN sine nettsider.

26007: Ny soknerådsstruktur frå 2027.

På fellesmøtet sokna hadde ved Alværa den 28.04.26, fekk dei frammøtte orientering om korleis kyrkjesokna i Gulen kommune har organisert seg i høve struktur og funksjon. Referat frå møtet føreligg medlemmane på e-post. I hovudsak er det snakk om å organisere seg med eit kyrkjesokn for heile kommunen, men også ha sokneutval på ulike stader i kommunen.

KSR må diskutere denne saka og ta stilling til korleis ein bør gå vidare med dette. Alle medlemmane fekk framføre sine betraktningar i saka og eit samla sokneråd kom med fylgjande uttale:

Soknerådsleiararen kontaktar leiarane i dei andre sokneråda i kommunen for å drøfte den vidare handsaminga av saka fram mot eit vedtak til hausten.

26008: Dekor og inventar i Kyrkjebø kyrkje.

Frå møtet vårt i oktober -25, sak 10/25, vart det nedsett ei nemd med mandat til "å legge fram ei plan for det vidare arbeidet med utforming av dekor og utstilling i kyrkjerommet".

Leiar i nemda, K.H.D. orienterte om at arbeidet i nemda hadde gått etter plan og at medlemmane der hadde gjort seg opp meiningar om korleis ein kan utforme dekor og utstilling i kyrkjerommet. Alt dette vart gjort godt greie for av leiar i nemda og likeeins svara ho ut spørsmål frå rådsmedlemmane.

Den vidare framgangen i saka, vil no bli at ein koblur inn to representantar frå kulturnemda i kyrkjebø sokn, for slik også å få deira betraktningar i saka.

Når dette er gjort, vil rådet handsame saka på nytt og gje saka ei formell godkjenning.

Sak ymse: Ferieavvikling for kyrkjeleg tilsette.

Det kom fram i møtet at det er ynskjeleg med ei oversikt over når tid dei kyrkjeleg tilsette har ferie. Dette m.a. for å vere litt orientert og ev. kunne trå til dersom noko uventa oppstår og ein veit at "ansvarshavande" er på ferie. Etterkvart kom det fram når tid kyrkjetenar, kyrkjevevjerje, prest og diakon har ferie, slik at alle fekk notere seg dette.

Møtet slutt ca. kl. 21.00.

Referent:

Jens Ole Årdal

soknerådsmedlem.